

# Prop. 28 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2022 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 25. november 2022,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen nokre endringar i løyingar mv. for programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Posttenester. Det blir òg foreslått endringar i nokre kostnadsrammer under programkategori 21.30 Vegformål.

### 2 Administrasjon m.m.

#### Kap. 1300 Samferdselsdepartementet

##### *Post 72 Tilskot til samferdselsberedskap*

Det er i 2022 løvd 3 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løvinga på kap. 1300, post 72 Tilskot til samferdselsberedskap, med 2,3 mill kr.

Formålet med tilskotet er å støtte departementets selskap og føretak i tryggleiks- og beredskapsarbeid som bidreg til å styrke samfunnstryggleiken i samferdselssektoren. Det blei for 2022 søkt om tilskot som til saman utgjorde meir enn løvinga. Departementet vurderte at eit av prosjekta falt utanfor formålet med løvinga. Vidare viser det seg no at eit av prosjekta som fekk tildeling, likevel ikkje vil kunne bruke tilsko-

tet i 2022. Behovet for midlar i 2022 er derfor lågare enn lagt til grunn ved budsjetteringa.

#### Kap. 4300 Samferdselsdepartementet

##### *Post 01 Refusjon frå Utanriksdepartementet*

I 2022 er det budsjettert med 0,5 mill. kr i refusjon frå Utanriksdepartementet. Samferdselsdepartementet foreslår å auke budsjetterte inntekter på kap. 4300, post 01 Refusjon frå Utanriksdepartementet, med 0,2 mill. kr.

Nokre bidrag til internasjonale organisasjoner kan i samsvar med statistikkdirektiva til OECD/DAC (Development Assistance Committee) bli godkjende som offisiell utviklingshjelp (ODA). Det gjeld m.a. 16 pst. av bidraget til Verdspostforeininga (UPU).

Samferdselsdepartementet har for 2022 betalt 4,3 mill. kr i kontingent til Verdspostforeininga. 16 pst. av dette blir 687 000 kr, som er dekt av Utanriksdepartementet.

#### Kap. 1301 Forsking og utvikling mv.

##### *Post 70 Pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar*

Tilskotsordninga for pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar blei oppretta i 2022. Det tek tid for pilotprosjekta å kome i gang. Nokre av prosjekta

er forseinka, og det er uvisse om alle tilskot vil bli utbetalte i 2022. Samferdselsdepartementet foreslår at løyvinga på kap. 1301, post 70 Pilotprosjekt for fossilfrie anleggspllassar, får føydd til stikkordet «*kan overførast*», jf. forslag til romartalsvedtak.

### 3 Luftfartsformål

#### Kap. 1310 Flytransport

##### *Post 70 Kjøp av innanlandske flyruter*

I 2022 er det løyvd 938,5 mill. kr. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1310, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter, med 120,3 mill. kr.

Løyvinga på posten gjeld kjøp av ordinære FOT-ruter (forpliktingar til offentleg tenestebyting), som i saldert budsjett 2022 var 828,5 mill. kr, og ei tilleggsløyving på 110 mill. kr, jf. Prop. 51 S (2021–2022) om endringar i statsbudsjettet 2022 under m.a. Samferdselsdepartementet og Innst. 119 S (2021–2022). Tilleggsløyvinga bestod av 100 mill. kr til meirkompensasjon til FOT-ruteoperatørane og 10 mill. kr til mellombels flyrutekjøp på grunn av koronapandemien.

Det er ikkje gjennomført mellombels flyrutekjøp i 2022, og betaling av meirkompensasjon blei avslutta frå 31. mars 2022. Widerøe's Flyveselskap AS er det einaste flyselskapet som har motteke meirkompensasjon i 2022, i alt 77,6 mill. kr for første kvartal 2022. Kompensasjonen blei utbetalt a konto. Etter endeleg avrekning av meirkompensasjon på grunn av pandemien for driftsåret 1. april 2021–31. mars 2022, tilbakebetalte Widerøe 71 mill. kr hausten 2022. Tilbakebetinga er ført på kap. 1310, post 70, noko som reduserer utgiftene tilsvarande.

Det ordinære kjøpet ser ut til å bli 791,6 mill. kr i 2022. Betalingane blir normalt utbetalte på etterskot, men som eit tiltak for å betre den økonomiske situasjonen i selskapa under pandemien blei dei utbetalte på forskot. Frå 2022 har departementet gått tilbake til å betale på etterskot. Sidan betalinga for desember 2021 blei betalt ut på forskot, betaler departementet berre for 11 månader i 2022. Meirbehov på grunn av nye avtalar for Nord-Noreg frå 1. april 2022 har blitt dekt innanfor løyvinga for 2022.

#### Kap. 4313 Luftfartstilsynet

##### *Post 01 Gebyrinntekter*

I 2022 er det budsjettert med 162,7 mill. kr i gebyrinntekter. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere budsjetterte inntekter på kap. 4313, post 01 Gebyrinntekter, med 21,6 mill. kr.

Færre innleigesøknader og registreringar av luftfartøy har gitt lågare inntekter frå Noregs luftfartøyregister. For ubemannluftfart har det både vore langt færre registreringar i nettportalen flydrone.no og færre registrerte tilsynsobjekt. Vidare har talet på søknader om operative godkjennings og sertifikat vore lågare enn rekna med, og det er færre aktørar på security-området.

### 4 Vegformål

#### Kap. 1320 Statens vegvesen

##### *Post 01 Driftsutgifter*

###### Grindgut - orienteringssak

Statens vegvesen inngjekk i desember 2013 kontrakt med IBM AS om å levere eit nytt sentralsystem for bompengeinnkrevjinga i Noreg, *Grindgut*. I juli 2015 heva Statens vegvesen kontrakten fordi etaten meinte at IBM ikkje følgde opp kontrakten. Statens vegvesen tok ut stemning for tingretten og kravde erstatning frå IBM. Samstundes gjekk IBM til motsøksmål og fremma erstatningskrav mot staten.

Staten tapte saka i tingretten og blei dømt til å betale erstatning til IBM med renter og sakskostnader. Staten anka domen til lagmannsretten. Dom i lagmannsretten blei avsagt 14. oktober 2022, og staten tapte. Staten anka saka til Høgsterett 17. november 2022.

##### *Post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar*

I 2022 er det løyvd 8 271,0 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar, med 180 mill. kr.

Prisstigninga i 2022 i inngåtte drift- og vedlikehaldskontraktar har vore betydeleg høgare enn rekna med. Dette har medført eit meirbehov på kap. 1320, post 22, på til saman 530 mill. kr. Av dette gjeld 330 mill. kr auka utgifter på grunn av prisstigning i drifts- og vedlikehaldskontraktane til Statens vegvesen, medan 200 mill. kr gjeld auka straumutgifter til drift av riksvegar. Av dette er 350 mill. kr dekt inn gjennom redusert aktivitet innanfor gjeldande vedlikehaldskontraktar. Dette

har medført redusert vedlikehaldsaktivitet. Fleire drenerings- og flaumførebuande tiltak og vedlikehald av bruer og tunnelar er utsette. Det er òg avlyst dekkelegging av om lag 150 km riksveg. Fordi fleire tiltak er utsette til 2023, vil dette få konsekvensar for vedlikehaldsaktiviteten i 2023.

For å dekkje inn meirbehovet foreslår departementet å auke løyvinga med 162 mill. kr, mot tilsvarende reduksjon på andre poster på kap. 1320, fordelt med 15 mill. kr på post 28 Trafikant- og køyretøytilsyn, 137 mill. kr på post 30 Riksveginvesteringar, og 10 mill. kr på post 64 Utbetring på fylkesvegar for tømmertransport.

Det er vidare rekna meirinntekter på kap. 4320 Statens vegvesen, post 01 Salsinntekter m.m., til 30 mill. kr og mindreinntekter til 12 mill. kr på kap. 4320, post 03 Refusjonar frå forsikringsselskap, jf. omtale under desse postane. Endringar i inntektene påverkar òg utgiftene på kap. 1320, post 22, med ein netto auke på 18 mill. kr.

#### *Post 28 Trafikant- og køyretøytilsyn*

I 2022 er det løyvd 2 222,8 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1320, post 28 Trafikant- og køyretøytilsyn, med 30 mill. kr.

Mindrebehovet gjeld i hovudsak lågare reiseaktivitet enn føresett, mindre bruk av overtid og høgare refusjon av sjukepengar.

Departementet foreslår at 15 mill. kr blir nytta til å dekkje ein tilsvarende auke på kap. 1320, post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar. Vidare er det ein reduksjon i utgiftene på 15 mill. kr knytt til reduserte inntekter på kap. 4320, post 02 Ymse gebyr, som følgje av at gebyrsatsane for utferding av førarkort og andre bevis på rettar og løyver blei justert ned til kostnadsriktig nivå med verknad frå 2022. Sjå omtale under kap. 4320, post 02 Ymse gebyr.

#### *Post 29 OPS-prosjekt*

I 2022 er det løyvd 1 828,4 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 29 OPS-prosjekt, med 19 mill. kr, mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på post 30 Riksveginvesteringar.

Meirbehovet på posten gjeld i hovudsak høgare utgifter på grunn av lønns- og prisstigning i kontrakten med OPS-selskapet på E39 Klett-Bårdshaug i Trøndelag for å gjennomføre tiltak i fem tunnelar for å ivareta krav i tunneltryggleiks- og elektroforskriftene.

#### *Post 30 Riksveginvesteringar*

I 2022 er det løyvd 12 602 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar, med til saman 169 mill. kr, mot tilsvarende auke på post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar, post 29 OPS-prosjekt, og ny post 36 E16 over Filefjell, jf. omtalar under desse postane. Vidare foreslår Samferdselsdepartementet å føye til stikkordet «*kan nyttast under post 36*», jf. omtale under kap. 1320, ny post 36.

#### *E39 Eiganestunnelen – fullmakt til å overskride løyvinga*

Stortinget blei sist orientert om prosjektet i Prop. 1 S (2022–2023) for Samferdselsdepartementet, side 112. Der opplyste departementet m.a. at det er venta dom i saka hausten 2022.

I samband med ein twist om sluttoppgjerset mellom Statens vegvesen og entreprenøren i prosjektet gjekk entreprenøren til søksmål mot staten. Staten vann saka i tingretten. Entreprenøren anka dommen til Gulatings lagmannsrett som avsa dom 30. september 2022. Staten tapte der saka og er dømt til å betale ut om lag 400 mill. kr til entreprenøren. Staten anka dommen til Högsterett 28. oktober 2022. Viss ankeutvalet i Högsterett ikkje tillét at anken blir fremma, og dommen blir rettskraftig i 2022, må staten så raskt som mogeleg betale ut erstatningsbeløpet. Prognosar for forbruket ved utgangen av 2022 viser at utbetaling av eit ev. erstatningsbeløp i 2022 vil føre til at løyvingane til Statens vegvesen blir overskridne. Samferdselsdepartementet foreslår derfor ei fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 1320, post 30 med inntil 400 mill. kr i 2022 for å dekkje ev. utgifter til erstatning mv. i prosjektet E39 Eiganestunnelen ved ein rettskraftig dom i år, jf. forslag til romartalsvedtak.

#### *E16 Sandvika–Wøyen – fullmakt til sal av eigedom*

Prosjektet inngår i Oslopakke 3, jf. St.meld. nr. 17 (2008–2009) *Om Oslopakke 3 trinn 2* og Innst. S. nr. 301 (2008–2009). Det er sist omtalt i Prop. 1 S (2020–2021) for Samferdselsdepartementet, side 98.

Prosjektet opna for trafikk hausten 2019. Sal av riksveggrunn knytt til prosjektet som det ikkje lengre er behov for, er ein del av prosjektfinansieringa. Departementet har ei generell fullmakt frå Stortinget til å selje eigedom for inntil 50 mill. kr i kvart einskild tilfelle. Salsverdien for nokre av

eigedommane i dette prosjektet er på over 50 mill. kr. Departementet foreslår derfor ei fullmakt til å selje fast eigedom i samband med prosjektet E16 Sandvika–Wøyen, med ein salsverdi på inntil 650 mill. kr i kvart einskild tilfelle, jf. forslag til romartalsvedtak.

#### E39 Kristianborg–Bergen sentrum i Vestland – auka kostnadsramme

Samferdselsdepartementet varsla i Prop. 1 S (2022–2023), side 114, om auka kostnader i prosjektet og opplyste at det ville komme tilbake til Stortinget med ei vurdering av kostnadsauken. Gjeldande kostnadsramme for prosjektet blei handsama i samband med Prop. 23 S (2019–2020) *Endringar i statsbudsjettet 2019 under Samferdselsdepartementet* og Innst. 103 S (2019–2020), og er på 1 127 mill. 2022-kr.

Anleggsarbeida starta i 2019, og prosjektet er venta opna for trafikk våren 2023.

Kostnadsauken kjem i hovudsak av høgare tilbodsprisar på ein av kontraktane og vanskelegare grunntilhøve enn føresett. Prosjektet er i sluttfasen, og handlingsrommet for å påverke kostnadene er derfor lite.

Samferdselsdepartementet legg til grunn ei auka kostnadsramme på 1 246 mill. 2021-kr. Kostnadsrammer for vegprosjekt blir prisjusterte med Statistisk sentralbyrås byggekostnadsindeks for veganlegg. Hittil i år har det vore ein stor prisauke også for veganlegg. Endeleg indeks for 2022 blir publisert i 2023, og prisnivået i 2021 er derfor utgangspunkt for prisjusteringa av kostnadsramma. På denne bakgrunn foreslår departementet ei kostnadsramme på 1 275 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

#### E39 Svegatjørn–Rådal i Vestland – auka kostnadsramme

Samferdselsdepartementet varsla i Prop. 1 S (2022–2023), side 114, om auka kostnader i prosjektet og opplyste at det ville komme tilbake til Stortinget med ei vurdering av kostnadsauken. Gjeldande kostnadsramme for prosjektet blei handsama i Prop. 1 S (2021–2022) og Innst. 13 S (2021–2022) og er på 10 071 mill. 2022-kr.

Anleggsarbeida starta i 2015, og prosjektet opna for trafikk i oktober i år.

Kostnadsauken er knytt til sluttoppgjeret med entreprenøren, jf. omtalen i Prop. 1 S (2021–2022) for Samferdselsdepartementet, side 93. Forhandlingane mellom Statens vegvesen og entreprenøren er venta avslutta i løpet av vinteren 2022/

2023. Når kostnadene aukar så tett på tidspunktet for opning av vegen, er handlingsrommet for å redusere kostnadene svært avgrensa.

Samferdselsdepartementet legg til grunn ei auka kostnadsramme på 10 256 mill. 2021-kr. Kostnadsrammer for vegprosjekt blir prisjusterte med Statistisk sentralbyrås byggekostnadsindeks for veganlegg. Hittil i år har det vore ein stor prisauke også for veganlegg. Endeleg indeks for 2022 blir publisert i 2023, og prisnivået i 2021 er derfor utgangspunkt for prisjustering av kostnadsramma. På denne bakgrunn foreslår departementet ei kostnadsramme på 10 502 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

#### *Post 36 (Ny) E16 over Filefjell*

Samferdselsdepartementet foreslår å opprette ny post 36 E16 over Filefjell med ei løyving på 13 mill. kr, mot tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar.

Det står att om lag 13 mill. kr i utgifter til prosjektet E16 Øye–Eidsbru i 2022. Midlane til prosjektet har vore løyvd på kap. 1320, post 36 E16 over Filefjell. Posten har ikkje løyving i 2022, og dette er det siste året med utgifter til utbetringa av E16 over Filefjell. På grunn av uvisse om storleiken på endeleg utbetaling foreslår Samferdselsdepartementet å føye til stikkordet «*kan nyttast under post 36*» til kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar.

#### E16 Øye–Eidsbru i Innlandet – auka kostnadsramme

Prosjektet E16 Øye–Eidsbru, som er en del av E16 over Filefjell, blei opna for trafikk i september 2020. Styrings- og kostnadsrammer for prosjektet blei i 2014 sett til 655 mill. kr og 720 mill. kr, jf. Prop. 1 S (2014–2015) for Samferdselsdepartementet og Innst. 13 S (2014–2015). Rekna om til 2022-kr utgjer dette høvesvis 829 mill. kr og 911 mill. kr.

Samferdselsdepartementet varsla i Prop. 111 S (2021–2022) *Nokre saker om veg, særskilde transporttiltak og transport i byområda mv.*, om auka kostnader i prosjektet. Det gjekk fram av omtalen at det framleis var uvisse om sluttkostnaden for prosjektet, på grunn av ein konflikt om sluttoppgjeret med ein entreprenør, og at departementet ville komme tilbake til Stortinget i samband med nysalderinga av budsjettet for 2022.

Statens vegvesen og entreprenøren er no samde om sluttoppgjeret. Sluttkostnaden for prosjektet vil med det bli 945 mill. kr, som er 34 mill. kr høgare enn gjeldande kostnadsramme. Når

sluttoppgjeren med entreprenøren er ferdig, har ikkje staten nokre forpliktingar i prosjektet, og det vil bli avslutta. Samferdselsdepartementet vurderer at det vil vere riktig å avslutte prosjektet no når Statens vegvesen og entreprenør har blitt samde, og ikkje risikere at saka må takast vidare i rettssystemet.

Samferdselsdepartementet legg derfor til grunn ei auka kostnadsramme på 923 mill. 2021-kr. Kostnadsrammer for vegprosjekt blir prisjusterte med Statistisk sentralbyrås byggekostnadsindeks for veganlegg. Hittil i år har det vore ein stor prisauke òg for veganlegg. Endeleg indeks for 2022 blir publisert i 2023, og prisnivået i 2021 er derfor utgangspunkt for prisjustering av kostnadsramma. På denne bakgrunn foreslår departementet ei kostnadsramme på 945 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

#### *Post 64 Utbetring på fylkesvegar for tømmertransport*

I 2022 er det løyvd 20,5 mill. kr. Departementet foreslår å redusere løyinga på kap. 1320, post 64 Utbetring på fylkesvegar for tømmertransport, med 10 mill. kr, mot tilsvarande auke på kap. 1320, post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar, jf. omtale under post 22.

Innanfor tilskotsordninga har nokre fullførte prosjekt blitt rimelegare enn føresett. Dette utgjer til saman 10 mill. kr. Det er i 2022 ikkje gitt tilsegn for desse midlane.

### **Kap. 4320 Statens vegvesen**

#### *Post 01 Salsinntekter m.m.*

I 2022 er det budsjettet med 167,3 mill. kr i salsinntekter m.m. Departementet foreslår å auke budsjetterte inntekter på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., med 30 mill. kr.

Meirinntekta gjeld i hovudsak auka sal til fylkeskommunane og eksterne aktørar. Etter avviklinga av sams vegadministrasjon har Statens vegvesen selt tenester til fylkeskommunane m.a. innanfor byggherrefunksjon, laboratorietenester, grunnboring og IKT. Delar av meirinntekta gjeld òg sal frå Autosys. Auken er motsvart av auka utgifter, jf. omtale under kap. 1320, post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar.

#### *Post 02 Ymse gebyr*

I 2022 er det budsjettet med 484,8 mill. kr i gebyrinntekter. Departementet foreslår å redusere bud-

sjettete inntekter på kap. 4320, post 02 Ymse gebyr, med 15 mill. kr.

Gebrysatsane for utferding av førarkort og andre bevis på rettar og løyver blei sett ned til kostnadsriktig nivå i 2022, jf. omtale i Prop. 117 S (2021–2022) *Finansiering av prosjektet fv. 353 Rugtvedt–Surtebogen i Bamble kommune i Vestfold og Telemark fylke og orientering om andre saker* og Prop. 1 S (2022–2023) for Samferdselsdepartementet. Mindreinntekta som følgje av dette er rekna til 15 mill. kr. Reduksjonen er motsvart av ein reduksjon av løyinga på kap. 1320, post 28 Trafikant- og køyretøytilsyn.

#### *Post 03 Refusjonar frå forsikringsselskap*

I 2022 er det budsjettet med 122,1 mill. kr i refusjonar. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere budsjettete inntekter på kap. 4320, post 03 Refusjonar frå forsikringsselskap, med 12 mill. kr.

Inntektene på posten gjeld refusjonar frå forsikringsselskap og dekkjer dei faktiske utgiftene Statens vegvesen har, når køyretøy skadar m.a. vegutstyr. Omfanget av skadar hittil i år er lågare enn venta. Utgiftene blir tilsvarende lågare, jf. omtale under kap. 1320, post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar.

### **Kap. 4322 Svinesundsforbindelsen AS**

#### *Post 91 Aksjekapital*

I 2022 er det løyvd 135 000 kr. Løyvinga gjeld tilbakebetaling av innskoten aksjekapital i samband med at selskapet Svinesundsforbindelsen AS er avvikla. Denne skal betalast tilbake til staten med ein sum lik innbetalt aksjekapital justert med 80 pst. av endringa i Statistisk sentralbyrås konsumprisindeks, jf. omtale i Prop. 1 S (2021–2022) for Samferdselsdepartementet. I samsvar med statens kontoplan for statsbudsjettet skal betalingar som gjeld aksjekapital førast på post 96. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyinga på kap. 4322, post 91 Aksjekapital, med 135 000 kr.

#### *Post 96 (Ny) Tilbakebetaling aksjekapital*

Departementet viser til omtale under kap. 4322, post 91 Aksjekapital, og foreslår å løyve 135 000 kr på kap. 4322, post 96 Tilbakebetaling aksjekapital.

## 5 Særskilde transporttiltak

### Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

#### *Post 71 Tilskot til kommersielle buss- og båtruter som følge av smitteverntiltak*

I 2022 er det løyvd 25 mill. kr. I 2022 er det utbetalt til saman 18,9 mill. kr til kommersielle buss- og båtruter i perioden med smitteverntiltak. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løvinga på kap. 1330, post 71 Tilskot til kommersielle buss- og båtruter som følge av smitteverntiltak, med 5 mill. kr.

Ordninga gjaldt berre for periodar der myndigheitspålagte smitteverntiltak avgrensa reiseaktiviteten i befolkninga. Basert på endeleg rekneskap for 2022 frå selskapa som har motteke tilskot, kan det bli aktuelt med utbetalingar òg i 2023. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at posten får tilføydd stikkordet «kan overførast».

### Kap. 1332 Transport i byområde mv.

#### *Post 66 Tilskot til byområde*

I 2022 er det løyvd 3 024,1 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løvinga på kap. 1332, post 66 Tilskot til byområde, med 510 mill. kr.

I Prop. 1 S (2022–2023) for Samferdselsdepartementet blei Stortinget orientert om at fylkeskommunane ved utgangen av 2021 ikkje hadde nytta om lag 1,25 mrd. kr av belønningsmidlar og tilskot til betre kollektivtilbod som var utbetalte. Midlane er betalt ut til dei fire største byområda dei siste åra. Årsaka til dei akkumulerte midlane er samansett, men kan m.a. knytast til koronapandemien og til forseinka framdrift på prosjekt og tiltak for kollektivtrafikken.

Prognosane gjennom året har vist at akkumulerte ubrukte midlar i fylkeskommunane vil bli redusert i 2022 samanlikna med 2021, men at det framleis vil vere på eit høgt nivå ved utgangen av året. Statens vegvesen har derfor heldt tilbake 500 mill. kr av løvinga for 2022. Siste prognose viser at fylkeskommunane ligg an til å ha ubrukte midlar på om lag 900 mill. kr ved utgangen av året viss heile den gjeldande løvinga for 2022 blir utbetal. Samferdselsdepartementet legg derfor til grunn at midlane som er heldt tilbake av Statens vegvesen, ikkje bør utbetalast til fylkeskommunane i år, og at dette blir kompensert til dei aktuelle byområda seinare i avtaleperioden.

Samferdselsdepartementet vil, saman med Statens vegvesen og dei lokale partane i byvekst-

avtalane, vurdere ytterlegare tiltak for å redusere akkumulerte midlar hos fylkeskommunane i 2023.

Avsettinga til mindre investeringar i gange-, sykkel- og kollektivtiltak på fylkesveg og kommunal veg blir foreslått redusert med 10 mill. kr. Det er om lag 70 mill. kr som enno ikkje er utbetalt til slike mindre investeringstiltak. Dette kjem av at nokre prosjekt er forseinka. Resterande midlar til dei aktuelle prosjekta blir utbetalt seinare i avtaleperioden basert på nye vurderingar av framdrift.

## 6 Jernbaneformål

### Kap. 1352 Jernbanedirektoratet

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter – utgreiingar*

I 2022 er det løyvd 125,6 mill. kr på kap. 1352, post 21 Spesielle driftsutgifter – utgreiingar. Departementet foreslår å redusere løvinga på posten med 20,0 mill. kr.

Fleire planar og utgreiingar har blitt sett i gang seinare enn planlagt, noko som reduserer behovet for midlar i 2022.

#### *Post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald*

I 2022 er det løyvd 7 593,3 mill. kr på kap. 1352, post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løvinga på posten med 273,5 mill. kr.

Togselskapa betaler Bane NOR SF for tenester dei bruker under sportilgangsavtalane. Desse innektene skal trekkjast frå løvinga til drift og vedlikehald. For togselskapa inneber dette behov for auka vederlag frå staten over kap. 1352, post 70 Kjøp av persontransport med tog. For 2022 har togselskapa betalt 273,5 mill. kr meir i køyrevegsavgifter enn det var lagt til grunn i Prop. 1 S (2021–2022) for Samferdselsdepartementet. Det auka vederlaget til togselskapa i 2022 kan dekkjast innanfor gjeldande løving på kap. 1352, post 70.

### Kap. 1356 Bane NOR SF

#### *Post 95 (Ny) Kapitalinnskot*

Departementet foreslår å løyve 7,2 mill. kr på kap. 1356, post 95 Kapitalinnskot.

Bane NOR SF har det overordna ansvaret for å levere bergings- og beredskapstenester på jernbanenettet. Vygruppen AS har eigd bergings- og beredskapsmateriell. Dette materiellet blei over-

ført frå Vygruppen AS til Bane NOR SF 1. oktober 2022, slik at Bane NOR no eig alt bergings- og beredskapsmateriellet. Overføringa av materiellet blei gjennomført ved tingsuttak til bokført verdi frå Vygruppen AS gjennom kapitalnedsetting, og tingsinnskot til Bane NOR SF gjennom ein auke av innskotskapitalen. Bokført verdi på materiellet er 7,2 mill. kr, jf. omtale under kap. 4353, post 96 Tilbakebetaling aksjekapital.

### **Kap. 4353 Vygruppen AS**

#### *Post 96 (Ny) Tilbakebetaling aksjekapital*

Samferdselsdepartementet foreslår å løyve 7,2 mill. kr på kap. 4353, post 96 Tilbakebetaling aksjekapital, i samband med overføring av bergings- og beredskapsmateriell frå Vygruppen AS til Bane NOR SF, jf. omtale under kap. 1356 Bane NOR SF, post 95 Kapitalinnskot.

---

## **7 Posttenester**

### **Kap. 4370 Posttenester**

#### *Post 70 (Ny) Tilbakebetaling post- og banktenester*

Samferdselsdepartementet foreslår å løyve 24,3 mill. kr på kap. 4370, ny post 70 Tilbakebeta ling post- og banktenester.

I 2021 blei det sett av 566 mill. kr til kjøp av post- og banktenester frå Posten Norge AS. Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekninga i tråd med modellen viser eit faktisk behov i 2021 på 542 mill. kr til kjøp av post- og banktenester. Dette er 24 mill. kr mindre enn det som blei løyvd i 2021.

Departementet legg opp til at Posten betaler tilbake 24 mill. kr av kompensasjonen for 2021. I tråd med praksis frå tidlegare år legg departementet vidare opp til at Posten betaler renter på beløpet selskapet skal betale tilbake. Renta er rekna til 0,3 mill. kr. Dette inneber at Posten skal betale i alt 24,3 mill. kr til staten.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2022 under Samferdselsdepartementet.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2022 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

**Forslag**

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2022 under  
Samferdselsdepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2022 blir det gjort følgjande endringar:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1300		Samferdselsdepartementet:	
	72	Tilskot til samferdselsberedskap, blir redusert med ..... frå kr 3 000 000 til kr 750 000	2 250 000
1310		Flytransport:	
	70	Kjøp av innanlandske flyruter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 938 500 000 til kr 818 200 000	120 300 000
1320		Statens vegvesen:	
	22	Drift og vedlikehald av riksvegar, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 29 og post 30</i> , blir auka med..... frå kr 8 271 000 000 til kr 8 451 000 000	180 000 000
	28	Trafikant- og køyretøytilsyn, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 2 222 800 000 til kr 2 192 800 000	30 000 000
	29	OPS-prosjekt, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 30</i> , blir auka med..... frå kr 1 828 400 000 til kr 1 847 400 000	19 000 000
	30	Riksveginvesteringar, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 22</i> , <i>post 29 og post 36 og kap. 1332, post 66</i> , blir redusert med..... frå kr 12 602 000 000 til kr 12 433 000 000	169 000 000
(NY)	36	E16 over Filefjell, <i>kan overførast</i> , blir løyvd med.....	13 000 000
	64	Utbetring på fylkesvegar for tømmertransport, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 20 500 000 til kr 10 500 000	10 000 000
1330		Særskilde transporttiltak:	
	71	Tilskot til kommersielle buss- og båtruter som følgje av smitteverntiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 25 000 000 til kr 20 000 000	5 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
1332		Transport i byområde mv.:	
	66	Tilskot til byområde, <i>kan overførast</i> , blir redusert med.....	510 000 000
		frå kr 3 024 100 000 til kr 2 514 100 000	
1352		Jernbanedirektoratet:	
	21	Spesielle driftsutgifter – utgreiingar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ....	20 000 000
		frå kr 125 600 000 til kr 105 600 000	
	71	Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald, <i>kan nyttast under post 70</i> , blir redusert med.....	273 549 000
		frå kr 7 593 300 000 til kr 7 319 751 000	
1356		Bane NOR SF:	
(NY)	95	Kapitalinnskot, blir løyvd med.....	7 200 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4300		Samferdselsdepartementet:	
	01	Refusjon frå Utanriksdepartementet, blir auka med.....	187 000
		frå kr 500 000 til kr 687 000	
4313		Luftfartstilsynet:	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med.....	21 600 000
		frå kr 162 700 000 til kr 141 100 000	
4320		Statens vegvesen:	
	01	Salsinntekter m.m., blir auka med .....	30 000 000
		frå kr 167 300 000 til kr 197 300 000	
	02	Ymse gebyr, blir redusert med .....	15 000 000
		frå kr 484 800 000 til kr 469 800 000	
	03	Refusjonar frå forsikringsselskap, blir redusert med .....	12 000 000
		frå kr 122 100 000 til kr 110 100 000	
4322		Svinesundsforbindelsen AS:	
	91	Aksjekapital, blir redusert med .....	135 000
		frå kr 135 000 til kr 0	
(NY)	96	Tilbakebetaling aksjekapital, blir løyvd med .....	135 000
4353		Vygruppen AS:	
(NY)	96	Tilbakebetaling aksjekapital, blir løyvd med .....	7 200 000
4370		Posttenester:	
(NY)	70	Tilbakebetaling post- og banktenester, blir løyvd med.....	24 300 000

**II****Fullmakt til å overskride gitte løyvingar**

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2022 kan overskride løyvinga under kap. 1320 Statens vegvesen, post 30 Riksveginvesteringar, med inntil 400 mill. kr for å dekke utgifter ved ev. rettskraftig dom i 2022 om erstatning for prosjektet E39 Eiganestunnelen.

**III****Fullmakter til å forplikte staten for investeringsprosjekt**

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2022 kan:

gjennomføre dei tidlegare godkjende investeringsprosjekta:	innanfor ei endra kostnadsramme på:
E39 Kristianborg–Bergen sentrum	1 275 mill. kr
E39 Svegatjørn–Rådal	10 502 mill. kr
E16 Øye–Eidsbru	945 mill. kr

Fullmaktene gjeld øg forpliktingar som blir inngåtte i seinare budsjettår, innanfor kostnadsramma for prosjektet. Samferdselsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsrammene i seinare år.

**IV****Tilføyning av stikkord**

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2022 kan føye til stikkordet «*kan overførast*» på kap. 1301 Forsking og utvikling mv., post 70 Pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar.

**V****Fullmakt til å selje fast eigedom**

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet kan selje fast eigedom i samband med prosjektet E16 Sandvika–Wøyen, inntil ein verdi på 650 mill. kr i kvart einskild tilfelle.





